

Fleire adressatar

Dato
24.06.2019

Plan- og byggjenemnd - ny basis- og fleirbrukshall i Sogndal

Innleiing

I Sogndal kommune sin økonomiplan for 2019-2022 heiter det m.a. under pkt. 10 på topp:

«Vi skal saman med fylkeskommunen jobbe for å realisere ein fleirbrukshall og ein basishall ved Idrettshallen. Vi skal i 2019 bidra til utbygging av ny treningshall ved Sognahallen.»

Denne saka tok eit viktig steg vidare ,då kommunestyret i Sogndal fatta slikt samrøystes vedtak i møte 13.06.2019:

- 1. Kommunestyret set ned ei plan- og byggjenemnd for m.a. fleirbruks- og basishall med ei samansetting og mandat slik det går fram av saka.*
- 2. Kommunestyret vel Magne B. Selseng (Sp) og Gunnhild Bøyum (H) som politisk representant og leiar av utvalet vert Magne B. Selseng (Sp).*
- 3. Administrasjonen er sekretær for nemnda sitt arbeid.*

Plan- og byggjenemnda har slik samansetjing

Magne B. Selseng (SP) – leiar
Gunnhild Bøyum (H)
Sogn og Fjordane fylkeskommune – 2 representantar
Sogndal ungdomsråd – 1 representant
Sogndal idrettsråd – 2 representantar
Kvåle skule – 1 representant
2 frå administrasjonen

Mandatet for plan og byggjenemnda er som følgjer:

- 1. Kommunestyret i Sogndal oppnemner ei plan- og byggjenemnd for fleirbruks- og basishall med ei samansetting slik det går fram av saka. Rådmannen får fullmakt til å oppnemne representantar frå administrasjonen og Kvåle skule.*
- 2. Nemnda skal innleiingsvis gjennomføre ei behovs- og interessentanalyse der ein vektlegg ein open og inkluderande planprosess, med vekt på medverknad frå interessegrupper.*
- 3. Nemnda skal gje innstilling om hallkonsept med romprogram, med vekt på fleirbruk, og som skal resultere i eit skisseprosjekt og underlag for søknad om tippemiddelfinansiering/ førehandsgodkjenning av departementet.*

4. *Nemnda skal òg så langt som råd utarbeide ei kostnadsvurdering, eigarskapsmodell, plan for finansiering, forvaltning, drift og vedlikehald, samt gjere framlegg om opplegg for prosjektering og entreprisemodell.*
5. *Nemnda skal og særleg vurderer og gjera framlegg om, jamfør pkt. 2, korleis eit nærmiljøanlegg retta mot uorganisert aktivitet kan løysast enten i tilknytning til- eller i nærleiken av fleirbruks- og basishallen.*
6. *Nemnda disponerer kr 200 000 til arbeidet. I arbeidet skal ein også dekke dei utgreiingspunkta som er peika på i økonomiplanen. Kommunestyret ber om å verte helde orientert om arbeidet.*

Planleggingsmøte.

Fredag 21. juni hadde administrasjonen møte med leiar av plan- og byggjenemnda Magne B. Selseng og Gunnhild Bøyum, begge politiske representantar i nemnda. Vi var samde om å invitere til ei dagsamling som start for arbeidet, i veke 34. Datoen vert klar ein av dagane.

På denne bakgrunn håpar vi at de godtek vår invitasjon om å velje representantar til plan- og byggjenemnda slik:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune – 2 representantar
- Sogndal idrettsråd – 2 representantar
- Sogndal ungdomsråd – 1 representant

Representantane vil då få nærare informasjon og innkalling til samlinga i veke 34, saman med dei andre medlemmene i plan- og byggjenemnda. I fyrste omgang legg vi med saksprotokoll og saksframlegg.

God sommar!

Med vennleg helsing

Ole Gunnar Krakhellen
Rådmann

Jon Tvilde
Tenesteleiar kultur

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Saksprotokoll - Plan- og byggjenemnd for ny fleirbruks- og basishall i Sogndal
Plan- og byggjenemnd for ny fleirbruks- og basishall i Sogndal

Adressatar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogndal ungdomsråd
Sogndal idrettsråd

Kopi til:

Magne B. Selseng – leiar
Gunnhild Bøyum
Kvåle skule ved
Markus Mohn Werner – fungerande plansjef
Eilif Rosnæs Ullestad